



SPAR har sørga for blomar i alle urnene langs riksvegen. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Gunn Mari Moberg planta fredag sommarblomar – nellikkar og maguerittar - i alle 18 urnene langs riksvegen. Blomane var sponsa av SPAR og Aslaug Lyse vil gjerne takka for den flotte gåva på vegne av blomegruppa.

Men ho stoppar ikkje der: Ho vil og takka bygdefolk fordi dei har vore svært rause med pengegåver som blir nytta til nye rosetre og bark ved busshaldplassen og Gamleskulen. Dette er det den alltid like iherdige Edvin Kjærland som tek seg av.

- Det ligg med andre ord an til at vi skal få ei vakker og velstelt bygd også denne sommaren. No håpar vi berre på gode vekst-tilhøve, seier Aslaug, men legg til at det også er viktig at bygdefolket er med og vatnar blomane.